



Øystre Slidre kommune

- rein naturglede!

Forskrift om hundehald, Øystre Slidre kommune, Innlandet

Innleiande reglar

§ 1. Formål

Øystre Slidre kommune vil med denne forskrifta:

- Legge til rette for eit hundehald som legg vekt på tryggleik og alminneleg ro og orden
- Redusere konfliktnivået mellom hundeeigarar og allmenta
- Medverke til at spesielt barn ikkje blir skremde eller skadde av hundar
- Medverke til at hundar ikkje jagar eller skader bufe.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta omfattar reglar for hundehaldet i Øystre Slidre kommune.

Om utvida sikring av hundar

§ 3. Om bandtvang

Hundar skal haldast i band eller innestengt eller inngjerda:

- a. På kyrkjegardar, i bustadfelt og på handleområde heile året
- b. I område der bufe har rett til å beite og faktisk beitar frå og med 21. august til og med 30. september
- c. I merka og preparerte skiløyper avgrensa til:
 - Alle lysløyper
 - Worldcupløypene på Beitostølen
 - Grøn 1 og 2 på Beitostølen
 - Blå 1 og 3 på Beitostølen
 - Raud 1 på Beitostølen i vinterferievekene og påskeferie
 - Danebuløypa
 - Beitostølen Helsesportsenter sine løyper

§ 4. Område der hundar ikkje skal ha tilgang:

- a. Barnehagar
- b. Skulegardar

Unnateke frå denne paragrafen er førarhundar/servicehundar for blinde/svaksynte og andre funksjonshemma samt politihundar i aktiv bruk. Andre hundar har berre tilgang i undervisningssamanheng og etter avtale med ansvarleg for skule eller barnehage.

Andre reglar

§ 5. Om ro, orden og forbygging av forsøpling

Det er ikkje tillate å ha hund med vedvarande, støyande åtferd ute i tettbygd strøk.

Hundehaldar har plikt til straks å fjerne ekskrement som hunden etterlet seg på veg, fortau, gangveg, skiløype, park, bru, brygge, strand, annan manns hage, eller offentleg stad som blir brukt av allmenta.

§ 6. Straff

Brot på føresegnene i denne forskrifta er straffbart og kan straffast i tråd med § 28 i hundelova.

§ 7. Tida reglane gjeld frå

Denne forskrifta gjeld frå same dato som ho blir kunngjort i Norsk Lovtidend. Samtidig opphevast forskrift av 2. august 2007 nr. 920 forskrift om hundehald i Øystre Slidre kommune, Innlandet.

Filnavn: Dokument1
Katalog:
Mal: C:\Users\osgjolging\AppData\Roaming\Microsoft\Templates\Norma
I.dotm
Tittel:
Emne:
Forfatter: Inger Gjølga
Nøkkelord:
Merknader:
Opprettelsesdato: 05.09.2023 13:59:00
Versjonsnummer: 1
Sist lagret:
Sist lagret av:
Samlet redigeringstid: 3 minutter
Sist skrevet ut: 05.09.2023 14:02:00
Ved siste fullstendige utskrift
Antall sider: 2
Antall ord: 323 (ca.)
Antall tegn: 1 716 (ca.)